



## Statens vegvesen

Veteranbussklubb BNR  
V/ Oddvar Eide  
Høylandsvegen 319

5913 EIKANGERVÅG

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/telefon:  
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:  
19/41011-2

Dykkar referanse:

Vår dato:  
20.03.2019

### Uttale – Dispensasjon fra byggegrense – påbygg av garasje – fv. 394 – gnr. 10 bnr. 37 i Lindås kommune

Statens vegvesen syner til brev mottatt 26.02.2019.

#### Kva saka gjeld:

Du søker om dispensasjon frå byggegrense langs fv. 394 i Lindås kommune. Arealdelen av kommuneplan for Lindås har eigne føresegner om byggegrense langs veg jf. *1. Generelle føresegner og retningslinjer. Pkt. 1.6.* Det er difor Lindås kommune som skal handsame søknaden. Med bakgrunn i dette må du sende søknad om dispensasjon frå byggegrense langs veg over til Lindås kommune som rett mynde.

Statens vegvesen har rett til å uttale oss til saker som vedkjem vår saksområde jf. plan – og bygningslova § 19-2. Vi har og klagerett i slike saker. Nedanfor følgjer vår uttale som du kan leggje ved søknad om dispensasjon til Lindås kommune.



*Vegbiletet: Søkt om å utvide garasje 2 meter retning aust, mot fylkesvegen.*

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Postboks 43  
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø

**Uttale:**

Byggjegrense langs veg skal ta i vare trafikktryggleiken, vegvedlikehaldet og drift av vegnettet, arealbehov ved ei eventuell utviding av vegen og miljøet langs vegen.

Fartsgrensa på staden er 50 km/t og ÅDT på strekninga er 150. Strekninga er klassifisert til *Haldningsklasse 4* jf. *Rammeplan for avkøyrslar og strekningsvis vurdering til byggjegranser for riks- og fylkesveg i Region vest (2017–2020)*. Det vil mellom anna seie at der er relativt lite trafikk på vegen, og at vi kan legge til grunn ei mindre streng haldning ved søknad om dispensasjon.

Det er søkt om å utvide ei garasje som husar veteranbussar. Søknaden er grunngjeve med at det er behov for å få plass til 12 meter bussar inne i garasja. Tilbygget er søkt utvida i retning aust mot fylkesvegen, inntil 7.2 meter frå vegmidte.

Ved søknad om dispensasjon frå byggjegrense er det vanleg å krevje at ein skal kunne snu- og manøvrere køyretøyet på eigen eigedom, slik at ein unngår å ryggje ut i offentleg veg. Garasjen ligg i ei ytterkurve slik at det er relativt god sikt i avkøyrsla. På grunn av kurvaturen er det er relativt dårleg sikt fram- og bakover for trafikantane som køyrer langs fylkesvegen. Den vidare prosessen må drøfte korleis ein skal manøvrer køyretøy inn og ut av garasjen på ein trafiksikker måte.

**Vidare saksgang:**

Din søknad skal sendast til Lindås kommune som rett mynde. Statens vegvesen har merknad til søknaden slik den ligg føre.

Vi ber om å få tilsendt kommunen sitt vedtak til eventuell klagevurdering.

Plan og forvaltning, Bergen  
Med helsing

Kari Elster Moen  
faggruppekoordinator

Tone Bøyum  
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*